

# STRANDA KOMMUNE KONTROLLUTVALET



Kopi til ordfører, rådmann og revisjon

Medlemene av kontrollutvalet

## INNKALLING TIL MØTE I STRANDA KONTROLLUTVAL

**Måndag 22. mars 2021 kl. 16.00 i Teams.**

### SAKLISTE:

- Sak 08/21 Godkjenning av møteboka frå møte i Stranda kontrollutval 02.03.2021
- Sak 09/21 Vurdering av budsjettendring investeringsbudsjett 2020

### Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 926 11735 til dagleg leiar eller e-post [bjorn.tommerdal@sksiks.no](mailto:bjorn.tommerdal@sksiks.no).

Helge Kvame  
leiar  
(sign.)



## **GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ MØTE I KONTROLLUTVALET 2. MARS 2021**

---

### **KONTROLLUTVALET I STRANDA KOMMUNE**

### **MØTEBOK**

Møtedato 02.03.2021 kl. 18.00  
Møtestad: fjernmøte i Teams

Møtet vart leia av: Helge Kvame  
Elles til stades: Eva Rinde Habostad, Per Ingebrigt Karbø, Anne Melgaard Tårn og Vebjørn Skog.

= **5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal og rådgjevar Solveig Kvamme.

Frå kommunerevisjonen møtte oppdragansvarleg revisor Kathrin Haram, forvaltingsrevisor Kurt Løvoll og forvaltningsrevisor Lillian Reder Kristoffersen.

Frå administrasjonen møtte rådmann Åse Elin Hole. Tidlegare konstituert økonomisjef Arne Krohn og ordførar Jan Ove Tryggestad deltok under handsaminga av sak 03/21.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste. Kontrollutvalet valde å handsame sak 03/21 fyrst.

# Stranda kontrollutval



**Saksgang:** kontrollutvalet  
**Saks nr.:** 01/21

**Møtedato:** 2. mars 2021  
**Sakshandsamar:** Bjørn Tømmerdal

---

## **GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ MØTE I KONTROLLUTVALET 2. NOVEMBER 2020**

---

Sakspapir frå sekretariatet datert 23. februar 2021.  
Leiar Helge Kvame orienterte om habilitet knytt til einingsleiar for kultur si rolle i styret i Geiranger kammermusikkfestival. Spørsmålet var tatt opp under eventuelt på møtet 2. november 2020. Leiar opplyste at einingsleiar ikkje lenger er med i styret.

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møteboka frå møte 02. november 2020 blir godkjent.

# Stranda kontrollutval



**Saksgang:** kontrollutvalet  
**Saks nr.:** 02/21

**Møtedato:** 2. mars 2021  
**Sakshandsamar:** Bjørn Tømmerdal

---

## **MELDINGAR TIL KONTROLLUTVALET**

---

Sakspapir frå sekretariatet datert 23. februar 2021.

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek meldingane til vitande.

## Stranda kontrollutval



**Saksgang:** kontrollutvalet  
**Saks nr.:** 03/21

**Møtedato:** 2. mars 2021  
**Sakshandsamar:** Bjørn  
Tømmerdal

---

### **ORIENTERING OM BUDSJETTENDRING INVESTERINGSBUDSJETT 2020 VED RÅDMANN.**

---

Sakspapir frå sekretariatet datert 23. februar 2021.

Det var ikkje lagt fram tilråding til vedtak frå sekretariatet.

Tidlegare konstituert økonomisjef i Stranda kommune, Arne Krohn gav kontrollutvalet ei orientering kring saka og korleis spørsmålet var dukka opp i kommunestyret. Kontrollutvalet fekk tilleggs opplysningar frå rådmann. Ordførar gav også ei orientering kring saka om kjøp av fiberrør i Nibbedalen.

Utalet fekk høve til å stille spørsmål og diskutere kva sider ved saka dei kunne sjå nærare på, på vegne av kommunestyret.

#### **Leiar fremma følgjande fellesforslag som blei samrøystes vedtatt:**

1. Stranda kontrollutval ber sekretariatet legge fram ei vurdering av dei opplysningane som er komen fram i saka.
2. Vurderinga frå sekretariatet blir å diskutere på neste møte 22. mars 2021 og det vil då bli gjort vedtak om svar tilbake til kommunestyret.

## Stranda kontrollutval



**Saksgang:** kontrollutvalet  
**Saks nr.:** 04/21

**Møtedato:** 2. mars 2021  
**Sakshandsamar:** Bjørn Tømmerdal

---

### **INTERIMREVISJON VED OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR KATHRIN HARAM.**

---

Sakspapir frå sekretariatet datert 23. februar 2021.

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Stranda kontrollutval tek oppsummeringa frå Møre og Romsdal Revisjon SA til vitande.

# Stranda kontrollutval



**Saksgang:** kontrollutvalet  
**Saks nr.:** 05/21

**Møtedato:** 2. mars 2021  
**Sakshandsamar:** Bjørn Tømmerdal

---

## **PROSJEKTPLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON**

---

Sakspapir frå sekretariatet datert 23. februar 2021.

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet setter i gang arbeidde med ein forvaltningsrevisjon innanfor temaet vass og avløpssystemet i Stranda kommune i tråd med vedlagte prosjektplan.

# Stranda kontrollutval



**Saksgang:** kontrollutvalet  
**Saks nr.:** 06/21

**Møtedato:** 2. mars 2021  
**Sakshandsamar:** Kjetil Kvammen/Bjørn Tømmerdal

---

## **KOMMUNAL INTERNKONTROLL**

---

Sakspapir frå sekretariatet datert 23. februar 2021.

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet syner til den store betydninga internkontrollen har for den kommunale verksemda.
2. Utvalet bed om å få ei orientering frå kommunedirektøren om arbeidet med internkontrollen i kommunen.

# Stranda kontrollutval



**Saksgang:** kontrollutvalet  
**Saks nr.:** 07/21

**Møtedato:** 2. mars 2021  
**Sakshandsamar:** Bjørn Tømmerdal

---

## ÅRSMELDING 2020 STRANDA KONTROLLUTVAL

---

Sakspapir frå sekretariatet datert 23. februar 2021.

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Stranda kontrollutval godkjenner årsmeldinga for 2020. Den blir å sende over til kommunestyret til orientering.

### **Eventuelt:**

Planlagde møte i kontrollutvalet 22. mars 2021 vert gjennomført som Teams møte. Det blir som oppfølging av vedtaket i sak 03/21.

Vidare blei det avtalt et nytt møte i kontrollutvalet 20. april 2021. Stad for møtet blir å kome tilbake til.

Møtet var slutt kl. 19.50

|                      |                                  |                              |                              |                        |
|----------------------|----------------------------------|------------------------------|------------------------------|------------------------|
| Helge Kvame<br>leiar | Per Ingebrigt Karbø<br>nestleiar | Eva Rinde Habostad<br>medlem | Anne Melgaard Tårn<br>medlem | Vebjørn Skog<br>medlem |
|----------------------|----------------------------------|------------------------------|------------------------------|------------------------|

(sign.)

(sign.)

(sign.)

(sign.)

(sign.)



**Saksgang:** kontrollutvalet  
**Saks nr.:** 09/21

**Møtedato:** 22. mars 2021  
**Sakshandsamar:** Solveig Kvamme/Bjørn  
Tømmerdal

---

## VURDERING AV BUDSJETTENDRING INVESTERINGSBUDSJETT 2021

---

### Bakgrunn

I Stranda kommunestyre sitt møte 16.12.2020 vart det gjort vedtak om å kople på kontrollutvalet i sak 139/20: *Budsjettendring investeringsbudsjett 2020*.

Kommunestyret sitt vedtak var i to punkt, der kommunestyret i punkt to samrøystes bed Stranda kontrollutval om å sjå på grunnlaget til korleis sakene i sak 139/20 har blitt til. Det er for kontrollutvalet noko uklart kva ein tenkjer på når ein peiker på «sakene i sak 139/20». Om ein legg til grunn at det gjeld dei fire nemnte prosjekta i første punkt i vedtaket, så gjorde Stranda kommunestyre positivt vedtak på dette punktet i sitt møte. Det betyr at den budsjettmessige omdisponeringa til desse fire prosjekta allereie er vedteken.

Kontrollutvalet vel å sjå litt nærare på Stranda kommunestyre si sak 139/20, med bakgrunn i kommunestyret sitt vedtak, punkt to.

### Vurdering:

#### Informasjon til kontrollutvalet

Kontrollutvalet inviterte ordførar og rådmann til å delta i sitt fjernmøte 02.03.2021 for å gje informasjon og svare på spørsmål knytt til denne saka. Ordførar og rådmann møtte, samt tidlegare økonomisjef som hadde vore sakshandsamar for den aktuelle saka.

Ut frå den informasjonen som vart gitt munnleg til kontrollutvalet i møtet, og med bakgrunn i det som ligg føre i saksutgreiinga til kommunestyret så vil kontrollutvalet peike på nokre moment.

Det eine er å sjå på kva saksbehandling som ligg til grunn for saka til kommunestyret. Så kan vi sjå saka i lys av kommunen sitt gjeldande delegeringsreglement, reglement for politiske organ og vedtekne planer. Til slutt er dette ei sak knytt til endring av investeringsbudsjettet og eit økonomireglement vil kunne vore til hjelp i handsaminga av slike budsjettmessige endringar.

#### Saksbehandling i det offentlege

Eit grunnleggande krav til forvaltninga si saksbehandling er at den skal være forsvarleg. Dette kravet er bakgrunnen for ein stor del av forvaltningslova sine saksbehandlingsregler. Hovudinnhaldet i kravet til forsvarleg saksbehandling er at forvaltningsapparatet skal brukast

i dei rette situasjonane, og at sakene som vert tatt til behandling skal få eit mest mogleg riktig utfall. I dette kravet ligg og at publikum skal ha tillit til at forvaltninga sin kompetanse blir brukt på denne måten.

Forvaltningsorgana si utredningsplikt er eit utslag av det generelle kravet til forsvarleg saksbehandling. Før forvaltninga brukar sin avgjerslekompetanse skal saken være så godt utgreidd som mogleg. (jf. Fvl §17 første punktum)

Forsvarleg saksbehandling inneber og at personar og verksemdar saka vedkjem skal gjevast høve til å legge fram relevant informasjon før forvaltninga treff si avgjersle. Denne viktige sida ved kravet til kontradiktorisk behandling kan og sjåast på som en del av forvaltninga si utgreiingsplikt. Den som avgjersla vedkjem, vil ofte kunne bidra med opplysningar av verdi for saka, og før forvaltninga har undersøkt denne moglegheita er saka ikkje forsvarleg opplyst.

Eit annet grunnprinsipp i forvaltningsretten er at forvaltninga skal streve etter nøytralitet og saklegheit i saksbehandlinga. Forvaltninga skal unngå usakleg forskjellsbehandling, og det er kun forhold som er relevante for saka som skal vektleggast. Irrelevante omsyn som personleg sympati eller antipati skal ikkje trekkast inn i vurderingsgrunnlaget.

Kommunelova §13-1 tredje ledd: *Kommunedirektøren skal påse at saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet. Utredningen skal gi et faktisk og rettslig grunnlag for å treffe vedtak.*

Det er kommunedirektøren/rådmannen som legg ei sak med innstilling fram for kommunestyret og som står ansvarleg for at den er forsvarleg utgreidd, eller som må gjere kommunestyret merksam på det dersom den for eksempel på grunn av tidsnaud ikkje er det. Spørsmålet om ei sak som er sett opp på dagsorden, er tilstrekkeleg utgreidd til å kunne avgjerast på det aktuelle møtet, avgjer organet sjølv. (jf. Ot.prp. nr. 42 1991-92 s 285)

Det er difor Stranda kommunestyre sjølv som må avgjere om dei vil velje å sende ei sak attende til kommunedirektør/rådmann dersom dei meiner at den ikkje er tilstrekkeleg utgreidd. I denne aktuelle saka valde kommunestyret å gjere vedtak i saka på bakgrunn av det kunnskapsgrunnlaget som låg føre i saksutgreiinga. Slik sett har fleirtalet i kommunestyret stadfesta at saka var godt nok utgreidd til at dei kunne fatte vedtak.

### **Delegeringsreglement, reglement for politisk styring og vedtekne planer i Stranda kommune.**

Stranda kommune har eit vedteke delegeringsreglement som regulerer kva ansvar som er delegert til kven. Kommunen er i ferd med å revidere dette reglementet i tråd med ny kommunelov og det ligg til politisk handsaming no.

Kommunen har og vedteke reglement for politiske organ der det vert sagt noko om kva organ som skal handsame kva type saker.

Det kom fram under handsaming av den aktuelle saka i kommunestyret, at det skal ligge føre ein plan for fiberutbygging i Stranda kommune. Denne planen vart vedteken mellom anna i 2017 og det vart hevda at prosjektet som er omtalt og no vedteken i sak 139/20 er i tråd med denne planen. Det ville vore ein styrke for kunnskapsgrunnlaget til kommunestyret om denne planen låg ved saka før handsaming.



## Økonomireglement

Når det gjeld økonomireglement så har, så langt vi er kjent med, Stranda kommune ikkje utarbeida dette endå. Alle kommunar skal frå 01.01.2020 ha eit reglement for økonomiforvaltninga, jf Kommunelova §14-2, d og e

Eit økonomireglement vil kunne vere til hjelp når ein skal sjå på omdisponering av midlar innan t.d. eit investeringsbudsjett.

Føremålet med eit økonomi- og finansreglementet er å ha:

- effektiv og forsvarleg økonomiforvaltning
- økonomistyring basert på rammestyring med vekt på heilskap og budsjettdisiplin
- god målstyring og resultatrapportering
- tilfredsstillande grunnlag for vedtak
- samsvar mellom ansvar og myndigheit for leiarar
- dokumentasjon av viktige økonomirutinar

Eit slikt reglement bør innehalde moment knytt til disponering av resultateininga sitt meir- og mindreforbruk som kjem fram ved slutten av regnskapsåret. Gjennom disponering av meir- og mindreforbruk får einingsleiarane då eit insentiv til effektiv og god økonomistyring. Ordninga gir resultateiningane mogelegheit til å styre drifta over år ved at det gis høve til å avsette heile eller deler av overskotet til disposisjonsfond som kan nyttast dei påfølgande åra.

Resultateiningane vert gjeven insentiv til å ha eigne reserver til å dekke svingingar gjennom budsjettåret, samt å kunne planlegge satsingar som går på tvers av budsjettår. Overskot avsett til disposisjonsfond kan nyttast som resultateininga sjølv ynskjer, dog innanfor kommunen sitt generelle reglement og føresegner. Ordninga om disponering av meir- og mindreforbruk må sjåast i samanheng med kommunen sitt totale regnskapsresultat. Reglementet gjeld for alle resultateiningane i kommunen. Resultateiningar som inneheld felles finansiering drift omfattast dermed ikkje av reglementet.

### Konklusjon:

Det er erkjent frå rådmannen si side at saksframstillinga til sak 139/20 kunne vore fylldigare. Dette kom og fram i ordskiftet under saka i kommunestyret. Kontrollutvalssekretariatet har sendt denne saksframstillinga til rådmannen for uttale. Rådmann har høve til å kommentere saka på møtet 22. mars 2021.

Vi ser at den omtalte planen for fiberutbygging kunne vore lagt ved som kunnskapsgrunnlag. Likevel så ligg det eit ansvar for det handsamande organ, i dette tilfelle kommunestyret, å sjølv vurdere om saksutgreiinga er tilstrekkeleg til at dei kan fatte vedtak. I dette tilfellet vart det fatta vedtak i sak 139/20. Underforstått så var fleirtalet i kommunestyret tilfreds med den saksutgreiinga dei fekk.

Stranda kommune treng å utarbeide og vedta eit økonomireglement, som i seinare høve vil vere ei støtte for kva vurderingar som kan gjerast av kven i slike saker. Eit slikt økonomireglement vil då speile vedtatt delegeringsreglement og andre politiske reglement.

## **Tilråding:**

1. Stranda kontrollutval minner Stranda kommunestyre om at det er dei sjølv som må avgjere om dei vil velje å sende ei sak attende til administrasjonen dersom dei meiner at den ikkje er tilstrekkeleg utgreidd.
2. I arbeidet med økonomireglement vil Stranda kontrollutval oppmode kommunestyret om å vere tydeleg på kva saksgang dei vil ha i budsjettreguleringssaker.